

Saksbehandlar: Ole Ingar Hagen Hæreid, Samferdsleavdelinga  
 Sak nr.: 19/1307-1

## **Fv. 623 - overtaking av lysanlegg i Vågsøy kommune**

### **Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:**

- 1 Lysanlegg på fv. 623 Deknepollen – Trollebø industriområde i Vågsøy kommune skal overtakast av Sogn og Fjordane fylkeskommune frå 1. juni 2019.
- 2 Drifta av lysanlegget på kr 50 000,- pr år skal finansierast innanfor ramma til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet.

### **Vedlegg:**

Brev frå Vågsøy kommune 05.02.2014

Brev til Vågsøy kommune 18.03.2014

### **Andre relevante dokument i saka:**

Referat frå synfaring av 24.11.2015, datert 25.11.2015

[N100 Veg- og gateutforming](#)

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

#### Grunnen for at saka er fremja

Vågsøy kommune ønskjer at Sogn og Fjordane fylkeskommune overtek veglyset på fv. 623 mellom Deknepollen og Trollebø i Vågsøy kommune.

#### Historikk - tidlegare vedtak

I 2004 – 2005 bygde Statens vegvesen ny gang- og sykkelveg langs fylkesvegen frå kryss med rv. 15 til industriområdet på Trollebø. Det vart også sett opp nye gatelys og på heile strekninga.

Fv. 603 har no fått nytt nummer til fv. 623. Det var eit gammalt lysanlegg langs vegen før utbygginga. Frå kryss med rv. 15 og til den gamle ferjekaia ved ca. km 0,800 vart det bygd fortau, og vegbana vart utvida. Her vart det ikkje gjort noko med lysanlegget. Frå den gamle ferjekaia ved ca. km 0,800 til Trollebø industriområde ca. km 1,600 vart det bygd ny (utbetra) veg og nytt fortau. Her vart det satt opp nye lys. Statens vegvesen finn ikkje dokumentasjon på at Vågsøy kommune skulle overta dette lysanlegget.



I brev av 05.02.2014 søkte Vågsøy kommune om at Statens vegvesen kunne overta gatelys-anlegget. Kommunen viste til at mange lamper er ute av drift.

I brev av 18.03.2014 til Vågsøy kommune opplyste Statens vegvesen at dei hadde ansvaret for lys og elektro i tunnelane på fylkesvegane, men ikkje for veglysanlegg utanom tunnelane før forvaltningsreforma i 2010. I 2010 overtok fylkeskommunen ansvaret for store delar av det øvrige riksvegnettet, inkludert lysanlegg. Det var såleis andre føresetnader som låg til grunn då lysanlegget langs fv. 623 vart bygd i 2005.

Statens vegvesen viste også til føringar gitt i Regional transportplan for 2014-2018. Her går det fram kva som må til for at fylkeskommunen skal ta over driftsansvaret på eit lysanlegg. Statens vegvesen avslo søknaden frå Vågsøy kommune med grunngjeving i at lysanlegget ikkje tilfredsstilte tekniske krav som er stilt til lysanlegg.

Etter ønskje frå Vågsøy kommunen vart det gjennomført ei synfaring på strekninga 24. november 2015. Av referatet frå møtet datert 25. november 2015 går det fram kva som bør gjerast for at lysanlegget skal tilfredsstille tekniske krav:

- Flytting av fordelingsskap
- Utskifting av om lag 45 armaturar
- Sette opp mast som er reven ned
- Skifte koblingsklemmer i alle master
- Skifte skrusikringer i alle master med automatsikring i tett kapsling

Vågsøy kommune vil ikkje ta kostnadene med å oppgradera lysanlegget.

#### Sentrale problemstillingar

På styringsmøte med fylkeskommunen 19. januar 2019 tok Statens vegvesen opp problemstillinga med overtaking av lysanlegg. I referatet frå møtet går det fram at:

#### *«Veglys – søknader frå kommune*

- *SVV kan avslå søknader frå kommunar ut frå retningslinjene om veglysanlegg i Regional transportplan. FK skal ha tilsendt kopi.*
- *I saker der SVV tilrår at FK skal overta veglys, og det fører til økonomiske konsekvensar skal SVV førebu politisk sak.»*

Statens vegvesen meiner at oppgradering av lysanlegget er eit godt trafikksikkerheitstiltak. Dei har prioritert dette tiltaket innan ramma av ufordelte midlar til trafikktryggingstiltak i 2019, og sett av 1,2 mill.kr til fv. 623 Lysanlegg Deknepollen.

Krav til belysning går fram av handbok N100 Veg- og gateutforming, kap. 6. Deler av dette kapittelet er attgjeve nedanfor:

## D.6 Belysning

Veg- og gatebelysning etableres primært for å redusere ulykkesrisikoen i mørke.

Nærmere beskrivelse av belysningstekniske krav er gitt håndbok V124 Teknisk planlegging av veg- og tunnelbelysning [16].

### D.6.1 Etablering av belysningsanlegg

Gater bør ha belysning. I boligområder med liten trafikk og lavt fartsnivå er også hensynet til sosiale funksjoner, trivsel, tilgjengelighet og allmenn sikkerhet viktig.

Vegbelysning anbefales når sparte samfunnsøkonomiske kostnader oppveier kostnadene til anlegg og drift av belysningsanlegget.

Krav om belysning er gitt for hver dimensjoneringsklasse. I tillegg skal følgende punkter/ steder belyses for å redusere ulykkesrisikoen i mørke:

- gangfelt
- kryssende gang- og/eller sykkelveger
- kryss med fysisk kanalisering i hovedvegen
- rundkjøringer
- manuelle bomstasjoner
- ferjeleier
- etablerte viltkryssinger i plan med vegen, som for eksempel åpninger i et viltgjerde
- underganger
- korte strekninger (< 500 m) mellom belyste strekninger, for å få sammenheng i belysningen

Følgende veger bør belyses:

- veger med parallelført gang- og/eller sykkelveg
- gang- og/eller sykkelveger som ikke følger hovedvegen
- planskilte eller oppmerkede kanaliserte kryss med stor kompleksitet
- strekninger med mye kryssende vilt og viltkryssinger i plan
- bruer med lengde  $\geq 100$  m uten fysisk skille mot gang- og sykkeltrafikk
- kjettingplasser og kontrollplasser

Statens vegvesen har vurdert lysanlegget langs fv. 623 i samsvar med kriteriene i N100 Veg og gateutforming. Strekningen har parallell gang- og sykkelveg med lysanlegget. Denne strekningen oppfyller BØR-krav. På km 0,710 ligger eit gangfelt og kryssende gang- og sykkelveg som oppfyller SKAL-krav.

I Regional transportplan for 2018-2027 for overtaking av lysanlegg står det følgende:

- Dersom kommunar eller andre søker om at fylkeskommunen skal overta driftsansvaret for, eller få driftstilskot til etablerte lysanlegg, må dei tilfredsstillast skal-krava i vegnormalane, samt tekniske krav til belysning og utstyr.

Dersom lysanlegget blir oppgradert vil det oppfylle både bør og skal-krava, samt tekniske krav til belysning og utstyr.

Fartsgrense er 50 km/t frå 0 m til 1,510 og ÅDT er gjennomsnittleg 1350 køyretøy. I tråd med N100 er vegen klassifisert som gate.

Det er mykje trafikk av køyrande og gåande på strekningen. Det ligg mange bedrifter langs vegen. Det er eit forholdsvis stort bustadfelt langs strekningen. Her er småbåthamn, to sildoljefabrikkar, stort fiskemottak med foredlingsanlegg, containerterminal, fabrikkar, kontor og mange arbeidsplassar på Trollebø. Det er skuleveg for vidaregåande elevar til Tennebø og elevar til barneskulen ved Skavøypoll skule. Fylkesvegen går vidare til bygda Osmundsvåg. Lys på strekningen vil ha ein god effekt på trafikktryggleik for ulike trafikantgrupper her.

Statens vegvesen driftar veg og fortau på strekningen på vegne av fylkeskommunen, men det er ingen som drifter veglysa.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

### Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Det er ikkje høve til å gjere investeringar på veg med tilhøyrande installasjonar som Sogn og Fjordane fylkeskommune ikkje sjølv eig. Før det kan gjennomførast investeringar i lysanlegget må det gjerast vedtak om fylkeskommunal overtaking av lysanlegget.

Det er sett av 13 mill.kr til trafikktryggingstiltak for 2019. Dette er ein budsjettpost som Statens vegvesen har fullmakt til å fordele. Statens vegvesen har sett av 1,2 mill.kr til oppgradering av dette lysanlegget i 2019.

Ei overtaking av lysanlegget vil medføre auka driftskostnader på ca. 50.000 kroner i året.

### Andre konsekvensar:

Statens vegvesen meiner det bør ryddast opp i eigartilhøve til lysanlegget, og meiner det er naturleg at Sogn og Fjordane fylkeskommune står som eigar av lysanlegget som er knytt til den fylkeskommunale gang- og sykkelvegen.

For to år sidan var gatelysa ute av funksjon. Etter lenger tids press frå bebuarane har Statens vegvesen retta opp ei nedkøyrd mast og skifta nokre sikringar. Statens vegvesen meiner at det er ei dårleg omdømesak når vi og kommunen ikkje kan bli samde om kven som skal eige og drifte lysanlegget.

Dersom fylkeskommunen ikkje overtek drifta av lysanlegget kan ikkje lysanlegget oppgraderast av Statens vegvesen. Dersom det vert tilfelle, tilrår Statens vegvesen å fjerne lysanlegget. Statens vegvesen meiner dette veldig uheldig ut i frå det som det vert vist til i handboka, der det er skal og bør-krav knytt til denne vegstrekninga av tryggleikssyn.

### Presedens

Statens vegvesen er usikre på denne saka vil skape presedens. Det er andre saker der det er usemje med kommunane om kven som skal drifte lysanlegg. Statens vegvesen meiner likevel at denne saka er spesiell fordi det ikkje kan dokumenterast at Vågsøy kommune har teke på seg driftsansvaret.

Statens vegvesen meiner at Sogn og Fjordane fylkeskommune bør eige og drifte dette lysanlegget som naturleg høyrer til gang- og sykkelvegen. Dette fordi anlegget allereie er bygd av fylkeskommunen, og fordi lys generelt er eit tryggleikstiltak. Det er mykje trafikk i området, og strekninga oppfyller krav til belysning i høve vegnormalane. Det er uheldig at ingen tek driftsansvar for lysanlegget. Kommunen kan ikkje påleggast å drifte eit anlegg som Statens vegvesen har bygd når det ikkje kan dokumenterast at kommunen har teke på seg driftsansvaret. Etaten meiner også at det er uheldig å fjerne eit lysanlegg som er der, og som støttar krava i vegnormalane.

Statens vegvesen tilrår at det vert investert i oppgradering av lysanlegget og at fylkeskommunen overtek den årlege drifta. Overtakingsdato bør setjast til 1. juni 2019. Då vil vi ha det fulle og heile ansvaret i byggetida.

## **3. Konklusjon**

Dersom ein kommune skal ha driftsansvaret for eit lysanlegg bør det kunne dokumenterast at kommunen har teke på seg dette ansvaret. Det er ikkje tilfelle i denne saka. Det kan vere ein viss fare for at denne saka kan føre til presedens i andre tilsvarande saker. Fylkesdirektøren ser likevel på dette som eit enkelttilfelle og vil tilrå at fylkeskommunen overtek ansvaret for lysanlegget og den årlege drifta av dette. Overtakingsdatoen blir sett til 1. juni 2019. Nødvendig oppgradering av lysanlegget på 1,2 mill. kr, vert finansiert over budsjettposten Trafikktryggingstiltak 2019. Dei årlege driftskostnadane på kr. 50 000,- må finansierast innan ramma til drift og vedlikehald på fylkesvegnettet.